



Utvida sesongfiske av rognkjeks på Skagerrakkysten

Langs Skagerrakkysten kan truleg fisket etter rognkjeks (*Cyclopterus lumpus*) auka i omfang i sesongen frå mars til juni. Undersøkingar Havforskningsinstituttet har gjort tyder på at det gyt meir rognkjeks i dette området enn ein rekna med tidlegare. Forsøksfiske viser at prisane på rogn vil avgjera omfanget av fisket.

I dei tre nordlegaste fylka har det sidan 1950-talet vore drive eit sesongfiskeri etter rognkjeks. I det norske rognkjeksfisket er det berre rogn som vert teken vare på. Ho vert salta og brukt til produksjon av kaviar. I nord er det innført fartøykvotar og reiskapsreglar for å hindra overfiske.


På Skagerrakkysten har det vore lite fiske etter rognkjeks. Det som er levert, er teke som bifangst i garnfiske. I 1995 auka etterspurnaden etter rogn i Danmark, prisen gjekk opp og interessa for eit direkte fiske etter rognkjeks auka på kysten av Skagerrak.

I 1996 vart det sett i gang eit kommersielt prøvefiske støtta av Norges forskingsråd. Det er lite kunnskap om rognkjeks på Skagerrakkysten. For å få meir kunnskap har Havforskningsinstituttet hatt eit samarbeid med fiskarane som innebar at dei førde fangstdagbøker for å samla inn biologiske data.

Størst fisk tidleg i sesongen

Slike biologiske data vart samla inn frå tilfeldige garnfangstar utanfor kysten av Aust-Agder frå byrjinga av mars til slutten av mai 1996. Av dei 609 fiskane som vart registrerte, var 488 hoer og 121 hannar. Det ser ut som forholdet mellom hoer


og hannar med rundt 80 prosent hoer, held seg heile gytasesongen. Dei største fiskane kom inn til gyteområda tidleg i sesongen, medan innsiget av mindre fisk auka på utover våren. I 1998 tok forskarane til å nytta otolithar (øyresteinar) for å fastsetja alderen på fisken, eit arbeide som vert vidareført i 1999.



Varierende prisar og kvantum

Røynslene frå rognkjeksfisket på Skagerrakkysten viser at prisane varierer mykje. I 1995, då danske mottak viste stor interesse, var fiskeprisen i gjennomsnitt 13 kroner for kvar fisk og om lag 21 kroner per kilo for fersk rogn. Dei seinare åra har det stort sett berre blitt betalt for rogn. Prisen var høgast i 1996 med vel 33 kroner kiloen, i 1998 var kiloprisen nede i 24 kroner.

1363/h 6554



Biletet viser ein rognkjeksyngel som ligg på tuppen av ein peikefinger.

Som nemnt er det rogn som er mest interessant. Omrekna til fersk rogn, auka leveransane frå fiskarane på kysten av Skagerrak frå mindre enn eit tonn årleg i 1991-1994 til vel 11 tonn i 1997. Rognkjeksfisket føregår med små sjarkar på grunt vatn lengst ute i skjærgarden, og fisket er difor svært veravhengig.

På bakgrunn av utviklinga i fisket etter rognkjeks dei siste åra, meiner havforskarane at det kan vera potensial for eit langt større fiske enn ein tidlegare har trudd. Det kommersielle prøvofisket har hovudsakleg vore på kysten av Aust-Agder. Alt tyder på at det også bør vera fangstgrunnlag for eit sesongfiske i andre område langs kysten.

Innsiget av rognkjeks til gyteområda på kysten vil truleg variera, og er avhengig av hydrografiske forhold som saltinnhald, temperatur, og storleik og samansetjing av bestanden. Fiskarane melder at gytemoden rognkjeks er komen inn til sørlandskysten alt tidleg på hausten.

Rognkjeks er utbreidd i den austlege Atlanteren frå Portugal til Kvitsjøen og langt inn i Auster-

sjøen. Beiteområda er til havs, medan gyteområda finst på grunne og steinete område langs kysten.

Arten er vanleg langs norskekysten i perioden januar - september. Hoene, rognkjeksa, veks raskare og vert større enn hannen som vert kalla rognkall. Tidlegare undersøkingar frå Kattegat og Austersjøen viser at hannane vert kjønnsmodne når dei er fire år, hoene når dei er fem år gamle. Middel-lengda

ved forsøksfisket på Skagerrakkysten i 1996 var 32,9 centimeter for hannane og 40 centimeter for hoene. Hoene kan bli meir enn 60 centimeter og vega 5,5 kilo. Hannane vert opp til 55 cm.

Forsøk ved HI, Forskingsstasjonen Flødevigen, viser at i kar med normal sjøtemperatur har rognkallar vakse til 19 centimeter og rognkjekser til 30 centimeter, på 17 månader. Desse resultatane viser at veksten fram til kjønnsmoden fisk kan ta kortare tid enn ein tidlegare har rekna med.

Rognkjekskaviar

Kvar rognkjeks gir i gjennomsnitt 0,7 kilo rogn. Det største fisket foregår ved Island, og dei islandske fangstane ligg på kring 1.600 tonn rogn årleg. I tillegg har fisket noko omfang i Noreg, Grønland, Danmark, Russland og Newfoundland.

Rognkjeksrogn har vore marknadsført i Europa sidan før 2. verdskrigen. For å få salet opp vart kaviaren farga svart for å etterlikna "russisk kaviar". I dag vert rognkjekskaviar omsett som eit eige produkt i store mengder.

*Du kan lese meir om rognkjeksen i Fisken og havet nr. 15 - 1998,
«Rognkjeks, en kommersiell ressurs på Skagerrakkysten».*

Kontaktperson: Else Torstensen, Havforskningsinstituttet, Forskingsstasjonen Flødevigen, N-4817 His,
Tlf: +47 37 05 90 00. Telefaks: +47 37 05 90 01. E-post: Else.Torstensen@imr.no.

Havforskningsinstituttet informerer også på Internett: <http://www.imr.no>